

Vartdal Fiskeoppdrett AS
v/Ottar Vartdal
6170 VARTDAL

Vår dato: 17.06.2016
Vår ref.: 201400489-14
Arkiv: 311 / 095
Dykkar dato: 08.08.2014
Dykkar ref.: Oddmund Soldal

Sakshandsamar:
Even Buvarp Helsingen
22959159/ebh@nve.no

Vartdal Fiskeoppdrett AS – Søknad om løyve til uttak av grunnvatn, Ørsta kommune i Møre og Romsdal - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 18.11.2013.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av grunnvatn til produksjon av settefisk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI - notat 08/2016 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av grunnvatn til produksjon av settefisk og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området. Løyve til å utvide anlegget etter akvakulturlova kan ikkje takast i bruk før vilkår i grunnvasskonsesjonen er oppfylt.

Grunnvasskonsesjonen ligg til grunn for vassuttak til produksjon av større settefisk og NVE skal varslast skriftleg om når uttaket av grunnvatn startar opp.

Vi viser elles til NVEs rettleiar 2 og 3 frå 2013: ”*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga.*” og ”*Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon*” som finnes på www.nve.no. Vi understrekar at det ikkje må setjast i gang noko anleggsarbeid før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sørge for at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Even Buvarp Helsingen
rådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Grunnvannskonsesjon
KI-notat 08/2016

Kopi til:

Cowi AS - Norheimsund
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Ørsta kommune